



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Rune Steinsund

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/2490-6

05.09.2016

### Svar på spørsmål om tolking av ferjeavløysingsordninga

Vi viser til e-postar frå deg 1. og 11. august på vegner av Aksjonsgruppa for realisering av sambandet Ytre Steinsund, med spørsmål om korleis ein skal forstå ferjeavløysingsordninga. I e-postane viser du til kontakt mellom aksjonsgruppa og fylkesadministrasjonen i Sogn og Fjordane, og uvisse knytt til om heile beløpet som blir gjeve i ferjeavløysingsmidlar skal inngå i finansieringa av eit eventuelt ferjeavløysingsprosjekt. Du ber òg om ein kommentar frå departementet om offentleg-privat-samarbeid (OPS) som ein mogleg finansieringsmodell for slike prosjekt.

#### *Bruk av ferjeavløysingsmidlar*

Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband som erstattar eit ferjesamband. Ferjeavløysingsordninga legg til rette for at fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 1.1 i retningslinjene for ordninga, som blei publiserte i kommuneproposisjonen for 2017).

Stortinget behandla ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer i samband med kommuneproposisjonen for 2016, der ordninga blei presentert for første gong. I innstillinga viser fleirtalet i kommunal- og forvaltningskomiteen til at fylkeskommunane blir kompenserte for utgifter til ferjedrift gjennom inntektssystemet. Fleirtalet skriv vidare at "det er desse midlane [som gjennom ferjeavløysingsordninga] (...) vert stilt til rådvelde for samferdsleprosjekt for å erstatte ferja med bru eller tunnel" (jf. Innst. 375 S – 2014–2015).

Departementet legg til grunn at Stortingets intensjon med ordninga er at midlane skal gå til ferjeavløysingsprosjekt, og ikkje til andre føremål. Departementet føreset difor at midlar som blir løyvde over ordninga i sin heilskap blir nytta til slike samferdsleprosjekt.

#### *Finansieringsmodell*

Det er opp til fylkeskommunen sjølv å vurdere kva som er den mest føremålstenelege finansieringsmodellen. Retningslinjene legg ikkje føringar for korleis fylkeskommunen organiserer arbeidet med ferjeavløysingsprosjektet. Viss fylkeskommunen ønskjer å organisere prosjektet som eit offentleg-privat-samarbeid og elles held seg innanfor vilkåra for ordninga, er retningslinjene ikkje til hinder for det.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Lars Tore Rydland  
seniorrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*

Kopi til:  
Sogn og Fjordane fylkeskommune